

## Søk på nett

**Søknadsfrist for hovudopptak er 1.mai.**

Me tek imot søknadar heile året.

Du finn link til søknadsskjema her:

[www.timekulturskule.no](http://www.timekulturskule.no)

høyre kolonne: **SØK OM Plass her**

[www.time.kommune.no](http://www.time.kommune.no)

elektroniske skjema

## Opptak til elevplass i Time kulturskule

Alle søkjarar får melding om tildelt elevplass eller venteliste plass innan 20.juni.

Dersom du står på venteliste, kan du få tildelt plass i løpet av året dersom ledig kapasitet.

Det er moglig å ha fleire elevplassar dersom kombinert med gruppefag.

Elevplass på fleire instrument er berre mogleg dersom ledig kapasitet.

Tildelt elevplass er økonomisk bindande.

Utmeldingsfristar er 1.mai /1.desember for påfølgjande semester.

Time kulturskule nyttar administrasjonsprogram frå Speedware: [notime.speedadmin.dk](http://notime.speedadmin.dk)

Alle med tildelt elevplass eller som står på venteliste må Re-registrera seg innan 1.mai.

Elevar/føresette har tilgang til elevkortet via personleg Brukarnamn :

Fødselsdato og tildelt passord.

## Pris pr semester/halvår:

Instrumental/song:	kr.1650,-
Drama/teater	kr.1350,-
Kunstfag	kr.1350,-
Bankers	kr.1350,-
Dans/ballett	kr.1.350,-
Musikk frå livets beg.	kr.1.000,-
--- «--- kortkurs 10g.	kr 600,-
Korgruppe	kr.1.000,-
Regnbuen	kr.1.350,-
Instrumentleige	kr. 350,-
Materialutgifter (kunstfag)	kr. 300,-



Time kommune

## Velkommen til Time kulturskule!



## Informasjon til søkjarar

**Time kulturskule** er organisert under kommunaleining Oppvekst og er ein skule for undervisning innan kunstnariske fag. Vi har 5 ulike fagretningar med undervisningstilbod for barn/ungdom i alderen 0-19 år innan Musikk, Dans/Ballett, Drama/Teater, Kunstfag og Skapande skrivning.

Kulturskulen fungerer som eit kommunalt ressurscenter for musikk- kunst- og kulturfag. Skulen har spisskompetanse på nettopp dei estetiske faga og arbeider dagleg med å gje barn og ungdom høve til å læra, oppleva, utøve og utvikle seg gjennom kunst- og kulturfagleg verksemd.

I kulturskulen får barn og unge tilpassa opplæring i musikk og kulturfag basert på kvalitet og glede.

Det er ikkje krav til forkunnskap for å få plass. Å vera elev i kulturskulen krev eigeninnsats og øving mellom undervisningstimane.

**Vil du vite meir? [www.timekulturskule.no](http://www.timekulturskule.no)**

**Facebook: [Time Kulturskule](#)**

Me har hovudbase for undervisning på Time Kulturskule/Bryne skule. Noko av instrumentalundervisninga er desentralisert til Undheim, Frøyland og Lye skule. Kunstfag har grupper på Bryne og Frøyland.

## **Fagtilbod med nedre aldersgrense**

**Instrumentalundervisning** (sjå nettsida for meir info om kvart instrument)

**Frå 1.trinn: Fiolin**

**Frå 3.trinn: Piano, Gitar**

**Frå 3.trinn: Klarinett, Fløyte, Saksofon**

**Frå 3.trinn: Messinginstrument**

**Frå 4.trinn: El.gitar, El.bass, Slagverk**

**Frå 5.trinn: Solosong**

**Frå baby Musikk frå livets begynnelse**

Musikk mellom liten og stor – for baby og småbarn i lag med voksenperson. Gruppeinndeling etter alder (Baby, 1, 2 og 3 år)  
Dag- og ettermiddagstid.

**Frå 1. trinn Dans**

Jazzdans, gruppedeling etter alder og nivå.

**Frå 1. trinn Ballett**

Gruppedeling etter alder og nivå.

**Frå 2. trinn Drama/Teater**

Grupper delt inn etter alder. Me arbeidar med improvisasjon og skodespelarteknikk. Framføring av ulike skodespel og deltaking i større prosjekt er ein del av undervisninga.

**Frå 3. trinn Korgruppe**

Songgruppe for barn, gruppeinndeling etter alder. Eigne øvingar og opptredenar, deltaking i større prosjekt.

**Frå 4. trinn Kunstfag/Visuell kunst**

Elevane blir kjent med mange forskjellige teknikkar og uttrykk. Teikning, maling, form og farge. Me ønskjer nye elevar velkomne, også ungdommar. Grupper etter alder og nivå på Bryne og Frøyland.

**Frå 6. trinn Skapande skrivning**

Er du glad i å skrive? Då kan dette vera noko for deg. Me skriv mange ulike tekstar og lagar bok ilag.

**Regnbuen** tilpassa musikkopplæring for barn med spesielle behov. Støttekontakt eller foreldre kan vera med.

**Bankers** tilpassa band for vaksne

**Jæren ung symfoni** JUSI, orkestertilbod for elevar på stryke- og blåseinstrument. Samspel-opplegget er del av undervisninga på desse instrumenta. Samarbeid med Hå/Klepp.

**Fargeglobus** Musikk/drama for grunnskuleelevar 1.-10. trinn ved Bryne kompetansesenter. Del av obligatorisk skuledag for nyankomne barn/ungdom frå innvandrar- og flyktningefamiliar.

**Skulekorpsa** kontaktar den enkelte grunnskule for rekruttering av nye medlem.

Kontaktopplysningar for foreldrestyre/dirigent finn du på kulturskulen og grunnskulen si nettside. Fleire skulekorps har samarbeid med grunnskulen og tilbyr opplæringsmodellen «Korps i klasserommet» (KIK)

**Kulturskulen har mange konsertar, utstillingar og framsyningar** på mange ulike arenaer i løpet av skuleåret. I tillegg er elevar ofte ute på speleoppdrag rundt om i kommunen.

Alle **kulturskuleelevar på 10.trinn** deltek i eit eige ungdomsprosjekt med Musikal-produksjon etter arbeidsmetoden «frå tanke til teppefall».

Kulturskulen har stort fokus på **samspel og tverrfagleg samarbeid** på tvers av alder, fag og skulekrinsar.

## **Fordjupingsprogram**

Vi samarbeider med kulturskulane på Jæren om fordjupingsprogrammet Fredagsskulen. Elevar kan også søkje opptak til programmet Unge talenter Bjergsted (UtB)

## **Samarbeid**

Kulturskulen samarbeider med barnehagar og grunnskular i kommunen.

Kulturskulen bidrar med prosjekt til i Den kulturelle skulesekken og Den kulturelle spaserstokken. Me samarbeider også med Jæren symfoniorkester og skulekorpsa.

## **Du finn oss her:**

Besøksadresse: Ola Barkvedsvei 16, inngang B.

E-post: [kulturskulen@time.kommune.no](mailto:kulturskulen@time.kommune.no)

Telefon:51776410 - 48293505